


# NORANE UNGDOMSLAG

Skipa i 1938

## NORTUN UNGDOMSHUS



## ÅRSMØTE 2023

NORTUN

TORSDAG 7. MARS 2024 KL 19.00

## SAKSLISTE

1. Val av ordstyrar, referent og medlem til å signere protokoll
2. Årsmelding 2023
3. Rekneskap 2023
4. Budsjett 2024
5. Medlemskontingent
6. Inkomne saker
7. Val
8. Ymse/orientering

## SAK 2: ÅRSMELDINGER 2023

### Styret si årsmelding

Styret har vore samansett slik:  
Stig Johnny Buvik – leiar  
Arne Slinde Ahlin – nestleiar

Linn Marie Øyrehagen – kasserar  
Tone Einelia – styremedlem  
Steinar Holme – styremedlem

Varamedlemar: Oddny Else Ylvisåker og Åsmund Gaukstad.

#### **Oppsummering frå leiar**

2023 har økonomisk sett blitt mykje likt 2022, men ser ein på drifta og aktiviteten, så føler eg vi ikkje klart å innfri slik vi håpa på.

Sjølv om bingoinntektene har auka, så har kostnadane auka og. Resultat var ikkje meir enn i underkant av 9% av bingoomsætnaden.

Utleigeinntektene har også blitt vesentleg lågare enn det vi hadde forventa. Det har vore lågare etterspurnad og kanskje vi ikkje har følgd opp førespurnadene raskt nok eller vore for høg på pris.

I august takka vaskehjelpen for seg og vi har ikkje lukkast i å få inn ein ny innan utgangen av 2023. Vasking vart gjort på dugnad og sporadisk i samband med utleige og aktivitet i huset. Det er ikkje slik vi vil ha det. Det lukkast heller ikkje styret å finna ein ny leiar av husnemnda etter at Christine Øvretun slutta etter lang og tro teneste. I sum har kanskje dette prega drifta meir negativt enn det vi trudde det skulle.

Positivt er det at vi har fått fleire gode arrangement i eigen regi, pubkveldar, som har samla mange, skapar positiv aktivitet og som i tillegg gjev nokre kroner i kassen. Takk til fest- og marknadsgruppa for godt arbeid. Også marknaden har gitt gode inntekter og sponsorinntektene har auka. Det set vi stor pris på.

Dei store arrangementa let venta på seg, men er kanskje noko styret og fest og marknadsnemnd må sjå nærare på i åra som kjem. Andre aktivitetar i regi av NUL er låg, så her er det og eit potensial for dei som ser potensialet og vil skapa noko.

Det vert framleis jobba med parkerings- og arrangementsplassen. Det har verkeleg tatt tid, men nå ser vi lys i tunellen. Byggesøknaden er sendt inn til kommunen. Dispensasjon frå LNF er rett rundt hjørnet og vi håper 2024 blir det året vi får realisert planane.

Me har registrert tilsaman 94 medlemmar for året 2023. Det er ein økning på 13 medlem frå 2022 (+16%). Framleis er det potensial for å få inn fleire. Medlemsavgifta i NUL for 2023 var uendra frå året før, kr 200,- per person og kr. 600 for familiemedlemskap (foreldre og born over 15 år).

Til slutt vil styret **spesielt takke** alle som har sponsa laget med annonsar, premier til marknaden, våre trufaste medlem og alle som har tatt i eit tak i laget. Mange takk for bidraga til Dykk alle!

*Stig Johnny Buvik, leiar Norane Ungdomslag*

## Årsmeldinger frå nemndene

### **a. Husnemnda**

Norane Skule og Ungdomskorps har ikkje hatt aktivitet i 2023. Det har heller ikkje 4H. Songlaget derimot har hatt faste kveldar, men i alt mindre aktivitet.

Bingoen har hatt om lag 40 spelekveldar tilsaman i 2023.

Utleige til lokale lag, kyrkjelydsfest og nokre private arrangement (dåp, konfirmasjon og bursdagar/familieselskap).

Det har vore nokre eigne arrangement i regi av fest og marknadsnemnda og sjølv sagt dei årvisse arrangementa som marknadshelg med basar.

Det har vore ein del utleige av utleie av stoler og bord til arrangement andre stader.

Relativt lite utleige og mangel på leiar har gjort at ein har mista litt av dynamikken i gruppa.

Fungerande leiar har stort sett stått for både utsending av tilbod og utlevering av nyklar. Ikkje slik det burde vere.

Prising av utleige vart endra i etterkant av årsmøtet i fjor. Dei uforutsigbare straumprisane og leigetakarane sine ynskjer å få ut nyklar ein dag eller to før, gjorde at ein måtte vurdere å prise inn slike faktorar. Det kan ha påverka totalprisen, slik at vi kan ha mista arrangement, men det er kanskje ikkje meir enn 2-3 arrangement vi veit vi ikkje har fått samla sett. Alle som har bedt om pris har fått det, men i nokre tilfelle har det gått nokre dagar før svar og tilbod er sendt.

Golva i festsalen skulle vore lakka opp att, utstyr på kjøket fiksast og nytt kjøpast inn og lause seter på dei nye stolane må festast. Generelt må treng huset ein skikkeleg nedvask. Lydanlegget i festsalen og nede i matsalen må og fiksast. I førre årsmelding vart det peika på at ein burde kjøpa inn nye golvmatter innom hovedinngang og ny matte utanfor. Det vil gje mindre skit inne i lokala.

Husnemnda tok ansvar for og gjennomførte vasking av kjøkkenutstyr/servise i april.

For husnemnda,  
Stig Johnny Buvik, fungerande leiar

### **b. Bingonemnda**

Me har hatt 40 spelekveldar. Overskot ca 40000 kr. Gjennomsnitt spelartal 26. Det er omlag som før. Ser ut til å vera vanskeleg å få fleire spelarar, men me er glade for me held det gåande. Det betyr so mykje for spelarane. Dei er svært positive og ser fram til den sosiale treffan. Tusen takk til dei. Takk og til dei 25 i arbeids-gruppene. Dei gjer ein kjempejobb, men dei gjev uttrykk for at det hadde vore kjekkare med fleire spelarar. Meir "lønn" for strevet. Det er lov å hopa!

Stor takk til Slinde transport. Dei slo til med 10 annonsar. Fantastisk. Har att 2.

Njål Ølmheim  
Leiar

### **c. Vedlikehaldsnemnda**

Det har vore eit roleg år med låg aktivitet. Ingen spesielle tiltak iverksett. Generelt vedlikehald utført og ingen særskilde meldingar frå gruppene mottatt.

Vedlikehaldsnemnda står for vedlikehaldet og førefallande arbeid i Nortun. Medlemmane har hatt sine månadar/periodar, og gjort sine fastsette oppgåver, som alt frå flaggheising til skifting av lyspærer og framsetting av bossdunkar. Rutinar bør likevel gjennomgåast på nytt etter nytt årsmøte.

Kommunikasjonen for det meste digitalt.

Ungdomshuset er stort og det er ikkje alltid lika lett å ha oversikt over alt, so det vert sett stor pris på alle tilbakemeldingane frå brukarane av huset.

Det har vore meldt frå nokre gonger at brannalarmen har utløyst seg. Feilmeldingar. Dette er noko ein må ta tak i på nyåret. Må og sjå på oppvaskmaskinen på kjøkenet som lekk.

For vedlikehaldsnemnda,  
Vegard Sætre

### **d. Fest og marknadsnemnda**



Me har sidan sist arrangert 4 pubar og ein marknad.

Første pub i påsken var den best besøkte, med quiz og god stemning, ca 79 møtte opp.

På sommarpuben hadde me rebus og uteservering, sjølv om veret endra seg, så me måtte trekke inn. Ca 15 pubgjester.

På puben i oktober hadde me foredrag med Rune Timberlid. Det var i interessant og me såg fleire nye fjes blandt pubgjestene. Ca 45 møtte denne kvelden.

På marknaden fekk me mange gode premier frå lokale sponsorar. Kunne vore fleire gjester på marknaden, er god plass i Nortun.

Nytt av året var romjulpub. Me var ca 50 stk som kosa oss med quiz og sal av lokal sider! Det var suksess.

Nemda har vore samkøyrt og hardtarbeidande, sjølv om me har vore få. Heldigvis stilte fleire opp å hjelpte oss på arrangementa.  
I 2024 vil me avvikla sommarpuben og erstattar den med julepub i 2024 og.

På vegene av nemda, Anne Britt Reppen Halset

## e. Ungdomsklubb

Ingen aktivitet i 2023.

## Tillitsvalde 2023

Valde på årsmøtet 17.03.2023

(Namna med strek under er leiar av nemnda/gruppa)

### **STYRET**

**Leiar:** Stig Johnny Buvik (1)  
**Nestleiar:** Arne Slinde Ahlin (2)  
**Sekretær:** Tone Einelia (1)  
**Kasserar:** Linn Marie Øyrehagen (2)  
**Styremedlem:** Steinar Holme (2)

### **VARAMEDLEMAR TIL STYRET**

Åsmund Gaukstad (1) og Oddny Else Ylvisåker (2)

### **VALNEMNDA**

Gruppeleiar: Anders Øyre (3) Geir Olav Lerheim (2), Jan Erik Ølmheim (1).

### **FEST- OG MARKNADSNEMNDA**

Gruppeleiarar: Anne Britt Halset (1), Johan Landøy (2), Joakim Christensen (2), Kontida Chongdee (1) og Ørjan Øyrehagen (1).

### **HUSNEMNDA**

Gruppeleiar: \_\_\_\_\_ ( ) (Stig Johnny Buvik fungerande frå styret)

Medlemar: Sigrid M. Hovden (1), Else Maria Barsnes (2), Alexander Eidsaune (1), Siv Anita Hundershagen (1) og \_\_\_\_\_.

### **VEDLIKEHALDSGRUPPA**

Gruppeleiar: Vegar Sætre (2).

Medlemar: Jim Flatland (1), Geir Lyngås (2), Jon Arne Fimreite (1), Per Henrik Hjelmeseter (1), Lars Erik Solberg (1), Jan Morten Halset (2), Ole Bernt Nornes (2) og Jarle Vidar Slinde (1).

### **UNGDOMSKLUBB GRUPPA**

Ingen aktivitet per i dag.

## **BINGONEMNDA**

Gruppeleiar for dei fem gruppene: Njål Ølmheim (1)

**Gruppe 1:** Hilde Bøtun (korpset), Frode Aas, Karin Optun og Reidun Midttun

**Gruppe 2:** Heidi Bøtun Skartun, Njål Ølmheim, Rita Kvåle, Audny Røysum/Anne Joveig Fardal.

**Gruppe 3:** Jermund Fimreite, Merete Husabø Nornes/Ingvild Nornes, Jorunn M-Haukaas-Eide/Else Ø. Sætre og Jostein Ølmheim

**Gruppe 4:** Stig Johnny Buvik, Ann Kitty Wathne, Gunn Kirsten Fondenes og Reidun Nornes.

**Gruppe 5:** Lars Eskestrand, /Karen Marie Hjelmeseter, Astrid Brusegard og Oddny Else Ylvisåker

**Reserver:** Åse Raunehaug, Linda Lund, Frida Helleland Sætre

**Merknad til valet i 2023:** Nokre namn vart nemd og som det vil bli jobba vidare med. Ei samanslåing av vedlikehaldsnemnda og husnemnda vart og nemd om det ikkje lukkast å finne nokon nye til husnemnda.

# SAK 3: Rekneskap 2023

1296 NORANE UNGDOMSLAG  
NO 984 022 085 MVA

Periode: Jan - Des 2023  
Avdeling: 75 Norane ungdomslag  
Prosjekt: 0-99999  
Kontnr: 3000-8999

## Resultat avd. 75 Norane ungdomslag

Konto	Regnskap I år	Regnskap I fjor
<b>DRIFTSINNETEKTER</b>		
3100 Bingoinntekter	315 617,00	272 500,00
3103 Inntekter Marknad	51 377,00	47 786,00
3105 Pub- og Grillkveldar	30 570,00	20 460,00
3110 Medlemskontigent	14 800,00	13 400,00
3150 Sal avmat og drikke (bingo)	14 426,00	14 448,00
3170 Sponsorinntekter m.m.	39 088,03	16 736,68
3171 Sponsorinntekter hjertestartargruppa	15 000,00	0,00
<b>Salgsinntekter varer/tjenester</b>	<b>480 878,03</b>	<b>385 330,68</b>
3600 Leigeinntekt	41 755,00	72 170,00
<b>Leieinntekter</b>	<b>41 755,00</b>	<b>72 170,00</b>
3912 Tilskot	30 892,00	28 414,00
<b>Andre inntekter</b>	<b>30 892,00</b>	<b>28 414,00</b>
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>553 525,03</b>	<b>485 914,68</b>
<b>DRIFTSKOSTNADER</b>		
4310 Varekjøp, bingo	6 374,80	407,40
4311 Pengepremier, bingo	288 990,00	242 060,00
4312 Innkjøp av varer, tilstellingar	29 431,89	36 332,76
4313 Kjøp av bingoartiklar	6 000,00	12 252,00
4316 Kjøp av forbr.artiklar	0,00	434,00
<b>Forbruk av innkjøpte råvarer etc.</b>	<b>330 796,69</b>	<b>291 486,16</b>
5000 Løn	6 435,00	12 935,00
<b>Lønninger, ferielønn og honorarer</b>	<b>6 435,00</b>	<b>12 935,00</b>
5920 Yrkesskadeforsikring	971,00	677,00
<b>Andre personalkostnader</b>	<b>971,00</b>	<b>677,00</b>
6200 Elektrisitet	118 110,79	133 651,24
6360 Reinhold og renovasjon	16 974,76	19 574,76
6410 Andre leige og arr. kostnader	3 708,10	0,00
6540 Inventar og utstyr (under 15000)	11 799,00	1 705,30
6600 Vedlikehold bygg og anlegg	31 663,90	11 120,46
6620 Vedlikehold maskiner og utstyr	0,00	4 903,79
6700 Regnskapsføring	0,00	8 928,13
6800 Kontorekvisita, datakostnader	9 653,75	7 726,00
6865 Hjertestartar kurs	6 518,50	0,00
6900 Telefon/internett	8 108,00	7 668,00
7500 Forsikringer maskiner og bygninger	26 591,00	35 891,00
7740 Øredifferanse	-0,71	0,00
7770 Bank- og kortgebyr	2 655,38	1 854,31
7771 Skjenkeløye	1 815,00	1 725,00
7790 Andre kostnader	15 261,91	1 683,93
<b>Andre innkjøps-,tilvirkn. kostn. etc</b>	<b>252 859,38</b>	<b>236 431,92</b>

## Resultat avd. 75 Norane ungdomslag

Konto	Regnskap I år	Regnskap I fjor
<b>Sum driftskostnader</b>	<b>591 062,07</b>	<b>541 530,08</b>
<b>Driftsresultat</b>	<b>-37 537,04</b>	<b>-55 615,40</b>
8050 Renter av bankinnskott .....	7 116,00	2 154,00
8071 Overskott Gjensidige .....	0,00	4 119,00
<b>Finansinntekter</b>	<b>7 116,00</b>	<b>6 273,00</b>
8155 Rentekostnad, leverandørgjeld .....	25,75	0,00
<b>Finanskostnader</b>	<b>25,75</b>	<b>0,00</b>
<b>Avdelingsresultat</b>	<b>-30 446,79</b>	<b>-49 342,40</b>



## Balanse 2023

### NORANE UNGDOM SLAG

	31.12.2023	31.12.2022
<b>EIENDELER</b>		
1101 Nortun	1 026 877	1 026 877
1181 Nortun - fast tekn. installasjon	646 110	646 110
1200 Inventar, verktøy og maskiner	231 858	231 858
1500 Kundefordringer (samlekonto)	2 000	16 720
1900 Kasse	4 791	0
1910 Bingo/differanse	0	-3 799
1921 Sparebanken Sogn og Fjordane, 14.14337	21 818	27 369
1922 Sparebanken Sogn og Fjordane, 02.25268	401 046	423 953
1923 Sp.banken S og Fj. 3705.34.06956	5	2
<b>SUM EIENDELER</b>	<b>2 334 505</b>	<b>2 369 089</b>
<b>EGENKAPITAL OG GJELD</b>		
<b>Egenkapital</b>		
2050 Eigenkapital	2 364 749	2 414 091
Udisponert resultat (ikke postert)	-30 447	-49 342
<b>Sum egenkapital</b>	<b>2 334 302</b>	<b>2 364 749</b>
<b>Gjeld</b>		
2400 Leverandører (samlekonto)	0	4 138
2930 Påløpt lønn	3	3
2960 Forskuddsbetalt inntekt	200	200
<b>Sum gjeld</b>	<b>203</b>	<b>4 341</b>
<b>SUM EGENKAPITAL OG GJELD</b>	<b>2 334 505</b>	<b>2 369 089</b>

## SAK 4: BUDSJETT 2024

DRIFTSBUDSJETT 2024	Kroner
3100 Bingoinntekter	200 000,00
3110 Medlemskontigent	20 000,00
3140 Arrangement	90 000,00
3150 Sal av mat og drikke (bingo)	8 000,00
3170 Sponsorinntekter m.m.	40 000,00
3190 Andre salsinntekter	60 000,00
3600 Leigeinntekt	70 000,00
3912 Tilskot	-
3110 Gåver	-
<b>SUM INNTEKTER</b>	<b>488 000,00</b>
4310 Varekjøp, bingo	3 000,00
4311 Pengepremiar, bingo	180 000,00
4312 Innkjøp av varer, tilstellingar	30 000,00
4313 Kjøp av bingoartiklar	2 000,00
4314 Div. gevinstar - marknad	5 000,00
<b>Vareforbruk, fremmedytelser</b>	<b>220 000,00</b>
5000 Løn	-
5020 Feriepenger	-
5920 Yrkesskadeforsikring	-
<b>Lønn, personalkostnader</b>	<b>-</b>
6001 Avskrivning Nortun	-
6010 Avskrivning maskiner og inventar	-
6030 Avskr. fast teknisk install. bygninger	-
<b>Avskrivninger</b>	<b>-</b>
6200 Elektrisitet	115 000,00
6311 Leige av dukar o.l.	2 500,00
6360 Reinhold og renovasjon	18 000,00
6405 Leige av musikk	15 000,00
6410 Andre leige og arr. kostnader	8 000,00
<b>Leie, kostnader lokaler</b>	<b>158 500,00</b>
6540 Inventar og utstyr (under 15000)	10 000,00
6560 Rekvisita	-
6600 Vedlikehold bygg og anlegg	15 000,00
<b>Vedlikehold, småinvesteringer</b>	<b>25 000,00</b>
6700 Regnskapsføring	9 500,00
6800 Kontorrekvisita, datakostnader	9 500,00
6810 Data/EDB - kostnad	-
6900 Telefon/internett	8 500,00
6940 Porto	-
7300 Annonser	5 000,00
7500 Forsikringer maskiner og bygninger	28 000,00
7740 Øredifferanse	-
7770 Bank- og kortgebyr	3 000,00
7771 Skjenkeløyve	2 000,00
7790 Andre kostnader	5 000,00
<b>Andre kostnader</b>	<b>70 500,00</b>
<b>SUM KOSTNADER</b>	<b>474 000,00</b>
<b>DRIFTSRESULTAT</b>	<b>14 000,00</b>
8050 Renter av bankinnskot	6 000,00
8071 Overskot Gjensidige	-
8155 Rentekostnad, leverandørgjeld	-
<b>BUDSJETTERT ÅRSRESULTAT</b>	<b>20 000,00</b>

INVESTERINGSBUDSJETT 2024	Kroner
1101 Nortun, drenering bak bygg,	50 000,00
1150 Parkerings- og uteområde	540 000,00
1181 Nortun - tekniske installasjoner	-
<b>Samlede investeringer</b>	<b>590 000,00</b>
<b>Investeringer spesifisert</b>	<b>590 000,00</b>
Opparbeiding arr-plass, ihht avtale R.Flatland	220 000,00
Sprengingsarbeid	150 000,00
Asfaltering arrangementplass	-
Betongarbeid	50 000,00
Elektrisk arbeid arr-plass	70 000,00
Rørarbeid arr-plass	50 000,00
Gjerde arrangementsplass	-
Drenering bak bygg	50 000,00
<b>Finansiering</b>	<b>590 000,00</b>
Dugnadsarbeid	105 000,00
Driftsmidler	110 000,00
Lån	200 000,00
Tilskudd	150 000,00
Gåver	25 000,00

## SAK 5: MEDLEMSAVGIFT

Styret sitt framlegg til vedtak er at årsmøtet held same kontingentsats i 2024 som i 2023. Det betyr kr. 200 per medlem og kr. 600 for familier. Familie er foreldre med barn.

## SAK 6: INNKOMNE SAKER

1. Samanslåing av husnemnda og vedlikehaldsnemnda.
2. Splitte fest og marknadsnemnd i to;
  - a. **arrangementsgruppa** med ansvar for pubkveldar og mindre arrangement i eigen regi.
  - b. **marknadsgruppa** med ansvar primært for den årlege marknaden og andre liknande arrangement.
3. Framtida til bingoen. Kva gjer vi? Innstillinga frå styret vert presentert.

## SAK 7: VAL

Valnemnda si innstilling:

### STYRET

**Leiar:** Stig Johnny Buvik (1)

**Nestleiar:** Arne Slinde Ahlin (1)

**Sekretær:** Tone Einelia (2)

**Kasserar:** \_\_\_\_\_

**Styremedlem:** Steinar Holme (1)

**VARAMEDLEMAR TIL STYRET:** Åsmund Gaukstad (1), Oddny Else Ylvisåker (2) og Siri Flatland (2)

**VALNEMNDA:** Gruppeleiar: \_\_\_\_\_ (3), Geir Olav Lerheim (1), og Anders Øyre (2).

**ARRANGEMENTGRUPPA:** Anne Britt Halset (2), Johan Landøy (1), Jon Arne Fimreite (2)

**MARKNADSNEMNDA:** Gerd Marie Ahlin (2), Svein Ølmheim (2), Bjørn Fischer Malskær (2) og Vidar Stadheim (2)

**HUS- OG VEDLIKEHALDSGRUPPA:** Linda Marie Sætre Hove (2), Jan Morten Halset (2), Siv Anita Hundershagen (2), Geir Lyngås (1), Vegard Sætre (1), Per Henrik Hjelmeseter (1), Alexander Eidsaune (2), Lars Erik Solberg (2), Jon Arne Fimreite (2), Ole Bernt Nornes (1)

**UNGDOMSKLUBB GRUPPA:** Ingen aktivitet per i dag.

**BINGONEMNDA:** Nemndene fortset som dei er fram til og med siste spelekveld i juni.  
**Bingogruppa vert då avvikla.**

Gruppeleiar for dei fem gruppene: Njål Ølmheim (1) og Karen Marie Hjelmeseter (1)

**Gruppe 1:** Hilde Bøtun (korpset), Frode Aas, Karin Optun og Reidun Midttun

**Gruppe 2:** Heidi Bøtun Skartun (korpset), Njål Ølmheim, Rita Kvåle, Audny Røysum/Anne Joveig Fardal.

**Gruppe 3:** Jermund Fimreite, Merete Husabø Nornes/Ingvild Nornes, Jorunn M-Haukaas-Eide/Else Ø. Sætre og Jostein Ølmheim

**Gruppe 4:** Stig Johnny Buvik, Ann Kitty Wathne, Gunn Kirsten Fondenes og Reidun Nornes.

**Gruppe 5:** Lars Eskestrand, Karen Marie Hjelmeseter, Astrid Brusegard og Oddny Else Ylvisåker

**Reserver:** Åse Raunehaug, Linda Lund, Frida Helleland Sætre

## **SAK 8: YMSE/ORIENTERING**

- Status arrangement- og parkeringsplass
- Instruks for nemnder, grupper og styret er revidert. Kort presentasjon.